

Ettersending formannskapet 21.03.17

Politiske saker

PS 50/17 PPT – avtale om regionalt samarbeid.

Vedtak frå driftsstyret og uttale frå FAU Øyra skule s. 1

Ettersending valstyret 21.03.17

PS 1/17 Reduksjon i antal røstekrinsar.

Uttale frå Bjørkedal grendalag og Dalsbygd grendalag s. 5



NOTAT

Formannskapet.

Interne mottakarar:

Opplæring og oppvekst Per Ivar Kongsvik

Sak: PPT - oppseiing av samarbeidsavtale med Ørsta kommune - felles teneste med Ulstein og Hareid

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2016/1093	3815/2017	B20	SVK/BENTKRO	17.03.2017

VEDTAK I DRIFTSSTYRET 15.03.2017. PPT - OPPSEIING AV AVTALE MED ØRSTA KOMMUNE - FELLES TENESTE MED ULSTEIN OG HAREID

Handsaming:

Helge Standal, MDG, kom med fylgjande framlegg til vedtak:

Driftsstyret ber administrasjonen om å utgreie ny sak om organisering av PPT, med ei grundigare høyringsrunde i brukarorganisasjonane, der nærleik til PPT-kontoret vert vektlagt.

Grunngjeving:

Utanom barnet sjølv, er føresette den viktigaste samarbeidsparten i PPT-saker. Det er vesentleg for føresette at det er enkelt å oppsøke PPT-kontoret for personleg kontakt med fagpersonar og sakshandsamar. Med lokalisering av kontor i Ulstein vert reisa dit ei unødvendig stor hindring for føresette.

Vanskane som har oppstått ved PPT-kontoret for Ørsta og Volda er av midlertidig karakter. Ein har ingen garanti for at slike vanskar ikkje oppstår ved eit større kontor.

Sjølv ved eit større kontor er ein i einskildsaker prisgitt at saksahandsamaren ein får har god nok kompetanse.

Røysting:

Det vart røysta på administrasjonen sitt framlegg mot Standal sitt.

Administrasjonen si tilråding fekk 7 røyster og vart vedteken. (Rebecca Riise Bjerknes, Uthman Abu Harbid, Anne Lise Fredly, Henning Holsvik, Inger Tove Bilsbakk Simonnes, Roald Espset og Per Svein Krøvel)

Standal sitt framlegg fekk 2 røyster. (Helge Standal og Alf Jakobsen)

Tilråding i Driftsstyret - 15.03.2017

1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.

Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.

2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til

rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.

3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnader knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.

4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram VOLDA KOMMUNE av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagde utkast til samarbeidsavtale om regionalt samarbeid om PPT.

Kommunen inngår samarbeidet dersom tre eller fleire kommunar godkjenner avtalen.

2. Kommunestyret delegerer mynde i samsvar med punkt 2 i samarbeidsavtalen til rådmannen som skal vidaredelegere dette til rådmannen i vertskommunen.

3. I ei etableringsfase dekkjer Ørsta og Volda kostnader knytt til ½ stillingsheimel kvar i perioden 01.08.17 – 31.07.19. Stillinga kjem i tillegg til normal bemanning.

4. Om Hornindal kommune ynskjer å tre inn i samarbeidet på dei vilkår som går fram av samarbeidsavtalen før 1.1. 2020, kan dette skje utan ny politisk handsaming av saka i dei fire samarbeidskommunane.

Med helsing
Bente Kristin Krøvel
førstesekretær

Til formannskapet og administrasjonen i Volda kommune.

Ber om at uttalen blir teken med i den vidare handsaminga av PPT-saka.

Uttale frå FAU ved Øyra skule om flytting av pedagogisk-psykologisk teneste (PPT-tenesten) frå Ørsta til Ulsteinvik.

Volda kommune valde i fjor å seie opp avtalen med Ørsta kommune om felles PPT-teneste med verknad frå 1. august 2017. Driftstyret i Volda kommune gjorde onsdag 15. mars framlegg om at PPT-tenesten skal flyttast til Ulsteinvik. Fleire av representantane i driftstyret stilte spørsmål ved prosessen som har ført fram til framlegget. Saka skal til vidare handsaming i formannskapet, truleg den 30. mars.

Ørsta kommune har også gjort framlegg om å flytte PPT-tenesten til Ulsteinvik, men framlegget har møtt motbør. Levekårsutvalet i Ørsta har uttala tydeleg at saksframlegget ikkje er godt nok gjennomarbeidd og at konsekvensane av flytting av PPT-tenesten bør utgreiast betre.

FAU ved Øyra skule deler synet til levekårsutvalet i Ørsta og stiller spørsmålsteikn ved prosessen som har ført fram til framlegg om flytting av PPT til Ulsteinvik. Når ei så stor endring blir vurdert må foreldra, borna, skulane og barnehagane fungere som høyringsinstans for å sikre at tenesten som blir tilboden faktisk blir betre.

Det er mange spørsmål som melder seg, som ein må finne svar på før endeleg vedtak vert fatta.

Kva vil lenger reiseavstand gjere for terskelen til å nytte tenesten?

Kva tilbod vil Volda kommune ha lokalt?

Korleis vil avstand til fagmiljøet påverke samarbeidet med skulane?

Korleis vil flyttinga påverke høvet til å nytte tenesten for dei som har lite ressursar?

Korleis er Ulstein rigga for å ta imot ein stor auke i talet på brukarar?

FAU forstår at tida ikkje er på brukarane si side i denne saka. Eit nytt PPT-tilbod må vere på plass til 1. august. Det er likevel viktig at ein ikkje tek forhasta avgjerder og endar opp med eit endå dårlegare kvalitativt tilbod.

FAU ved Øyra skule meiner at Volda kommune bør gjere ei nøye konsekvensutgreiing der alle involverte blir høyrde, før saka vert lagt fram for politisk handsaming.

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU), Øyra skule

Hei,

Vedlagt er uttale frå FAU i PPT-saka.

Ber om at dette brevet blir gjort kjend for formannskapet og administrasjonen, og at uttalen blir teken med i vidare sakshandsaming av PPT-saka.

Mvh.

Mounir El'Mourabit

Leiar, FAU Øyra skule

2014/415

BJØRKEDAL GRENDALAG

Organisasjonsnr.: 917 824 525
Bankkonto: 3992 06 31065
E-post: killar4806@gmail.com

Sakshandsamar: Direkte telefon:
Lars Kåre Kile 90823466

Dykkar referanse:
Arkivsak 2014/415

Bjørkedalen, den 20. januar 2017

Volda kommune
Rådhuset
6100 Volda

Høyring om reduksjon i talet på røystekrinsar i Volda kommune Arkivsak nr. 2014/415 Sak PS 200/16

Saka vart drøfta på Bygdamøtet for Bjørkedal grendalag 12. mai 2014 med slikt resultat:

«Bygdamøtet meiner det er viktig å legge til rette for at alle som har røysterett kan få røyste utan at det kjennest vanskeleg. Det er eit demokratisk problem dersom nokon vert heimesitjarar fordi dei opplever dei ulike alternativa for røysting som kompliserte og kanskje litt skræmmande.

Vårt syn er at eit vallokale i nærområdet er det tryggaste og enklaste alternativet for dei fleste, så det må alle få høve til å ha. Vi sluttar oss derfor til valstyret si tilråding i saka:

Talet på røystekrinsar skal oppretthaldast som no.»

Den 11. januar 2017 vart saka drøfta på nytt, denne gongen på styremøte i grendalaget.

Styret ser at det er fleire vektige argument for å redusere talet på røystekrinsar i Volda kommune. Eit av dei er at det manglar tidhøvelege, universelle vallokale i mange av dei noverande krinsane, eit anna er at det er etablert fleksible ordningar som tidlegrøysting, førehandsrøysting og ambulerande røysting. Med dette som bakgrunn kan vi ha forståing for at kommunen vel å redusere talet på krinsar, sjølv om vi framleis meiner at eit vallokale i nærområdet er den tryggaste og beste løysinga for dei fleste.

Dersom ein reduksjon i talet på røystekrinsar i Volda kommune vert realitet, støttar vi rådmannen sitt framlegg om 6 krinsar slik det går fram av saksutgreiinga.

Vi ber elles om at kommunen legg tilhøva til rette for transport til vallokala for dei som har behov for det. Det må settast opp transport eller etablerast ei kommunal ordning med innmelding av transportbehov. Kanskje kan dette knytast til valkortet?

For Bjørkedal grendalag



Lars Kåre Kile
-styreleiar-

Hei!

Det er berre å beklage at dette kjem så altfor seint. Eg trudde eg fekk det i veg fredag 20., men slik var det altså ikkje, det var ikkje sendt då eg sjekka ut-boksen i dag.
Men eg sender det over no og vonar du får det med i saka på ein eller annan måte.

Mbh Lars Kåre Kile

2016-11-23 11:02 GMT+01:00 Inger-Johanne Johnsen <inger.johanne.johnsen@volda.kommune.no>:
| Sjå vedlegg

Dalsbygd Grendalag
v/ Tor Bjarne Laanke
Myraskogane 9

6120 Folkestad

Volda Kommune
Att: Inger Johanne Johnsen

Ang. Reduksjon i antal røystekrinsar i Volda Kommune.

Dalsbygd Grendalag går einstemmig inn for å behalde røystekrinsen
som vi har.

Med helsing
Dalsbygd Grendalag

Tor Bjarne Laanke
Tor Bjarne Laanke

2014/415	SVK INGJOH
1/	
EMNE 033	